



ASKØY KOMMUNE  
Postboks 323  
5323 KLEPPESTØ

Dato: 20.04.2016  
Vår ref.: 2016/90-20  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde (post 78) – Askøy kommune - Avdekking og bevaring av istidens strandavsetning

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka i møte 13.4.2013 – søknaden fekk diverre avslag.

### Grunngjeving

Klima- og miljødepartementet har for 2016 fordelt kr 30 mill til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 3.850.000 til vidare fordeling. Kr 280.000 av desse er øymerka tilrettelegging for universell utforming. Det er 14 søknadar med ein samla kostnad på kr 22. 628. 00 og søknadsbeløp på kr 7.923.000.

Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fordeling av tilgjengelege mildar. Friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader som blir eller har potensial for å bli mykje brukt, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala er prioritert. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga.

**Avdekking og bevaring av istidens strandavsetning omhandlar ikkje prioriterte tiltak i høve retningslinjene i tilskotsordninga i stor nok grad. Tiltaket vert vurdert til å ha fokus på utstilling av naturminne meir enn tilrettelegging for auka friluftaktivitet.**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak er lagt ved.

### Klage/partsinnsyn

Det er ikkje klagerett på vedtak om midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, då desse ikkje vert å rekna som enkeltvedtak jf. forvaltningsloven, då berre kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje.

Har de spørsmål kan de kontakte Eirik Knive på epost [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller tlf. 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
konst. avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*